




DEN NORSKE KYRKJA  
Sula sokn

SULA SOKN

# ÅRSMELDING 2019

Årsmeldinga søkjer å gje ei oversikt over aktiviteten i året som er gått og ei framstilling av den økonomiske situasjonen for soknet





## OM MELDINGA

Dette dokumentet er ein årsmelding for arbeidet i Sula sokn i 2019. Meldinga er utarbeida for Sula sokneråd, og leggjast fram for kyrkjelydsmøtet i Sula sokn til vitande.

Årsmeldinga søkjer å gje ei oversikt over aktiviteten i året som har gått, ei framstilling av den økonomiske situasjonen slik den er kjend no, og å seie litt om planane framover. Årsrekneskapen vert endeleg handsama av soknerådet.

Jan Erik Hovland  
Kyrkjeverje  
Sula sokn

## INNHALD

·	3	SOKNERÅDET
·	6	NYTT SOKNERÅD
·	13	TILSETTE I KYRKJELYDEN
·	14	KYRKJEBYGG OG KYRKJEGARDAR
·	17	DIAKONI
·	21	GUDSTENESTER
·	24	TRUSOPPLÆRING
·	30	KYRKJEMUSIKALSK ARBEID
·	32	ØKONOMI

## SULA SOKN

## SOKNERÅDET

I 2019 blei det gjennomført kyrkjeval for nytt sokneråd og bispedømmeråd. Valdagen var 9. september. Det var om lag 20 valmedarbeidarar i sving, fordelt på 3 valkrinsar. Det var gitt 978 stemmer som gir ei valdeltaking på 18%.

Det gamle soknerådet satt ut oktober og bestod av desse medlemmane:

Arne Svein Lerheim, Olav Hoff, Lisbeth Båtnes Hareide, Toril Petrine Solevåg, Vidar Hagerup, Gunvor Reistad Aannø, Amalie Blomvik, Jens Kåre Nygård, Grete Valen Blindheim, Mari Kristin Blindheim. Soknepresten i Sula er fast medlem av rådet.


Vararepresentantar: Anne-Berit Salen, Jan Magnus Ramsli, Ingunn Vasset, Grethe Brandal og Erling Olav Brenne.

Kapellanen er oppnemnd som fast vararepresentant for soknepresten.

Kommunestyret sin representant etter kyrkjelova var Ronny Harald Blomvik, med personleg vara Jostein Molvær.

Toril Petrine Solevåg vart vald som leiar i soknerådet for 2019. Gunvor Reistad Aannø har vore nestleiar.





MEN DERSOM VI VANDRAR I LYSET, LIKSOM HAN  
ER I LYSET, DÅ HAR VI FELLESKAP MED KVARANDRE,  
OG BLODET FRÅ JESUS, HANS SON, REINSAR OSS  
FOR ALL SYND.

1. JOH. 1, 7

FOTO: ØYVIND KÅRE SUNDE - OKSFOTO.NO



## NYTT SOKNERÅD 2019 - 2023

SULA SOKN

### Det nye soknerådet vart konstituert i slutten av oktober og består av desse medlemmane:

Mari Kristin Blindheim, Listbeth Båtnes Hareide, Olav Hoff, Stine Margrethe Lerheim, Oddmund Jens Måseide, Anne Berit Salen, Toril Petrine Solevåg, Øyvind Kåre Sunde. Soknepresten i Sula er fast medlem av rådet, med prosten i Nordre Sunnmøre prosti som personleg vara.

Vararepresentantar (i prioritert rekkefølge): Abraham Heggvik, Rolf Idar Fagervoll, Hege Sonja Tusvik Fiskerstrand, Gro Marita Solevåg (friteken frå vervet), Jarle Sæterstøl.

Kommunestyret sin representant etter kyrkjelova er Annbjørg Skår Jarnes, med Jan Magnar Sandvik som personleg vara. Toril Petrine Solevåg vart vald som leiar i soknerådet for slutten av 2019 og 2020, og Øyvind Kåre Sunde som nestleiar.



### TORIL PETRINE SOLEVÅG

#### SOKNERÅDSLEIAR

Toril er leiar i Soknerådet medio oktober 2019 til årslutt 2020 i første omgang. Ho syns det er kjekt og inspirerende å få sittje i soknerådet saman med mange engasjerte og positive menneske. Toril er medlem i Diakoniutvalet - der ho er særst opptatt av å skape ulike felleskap i kyrkja sånn at alle, både born og vaksne kan føle seg velkomen. Vidare er ho opptatt av at vi som sokn og kyrkje har ei viktig rolle i lokalsamfunnet slik at folk føler tilhøyrlighet til kyrkja. Ein draum er ei heil helg med innhald for heile familien - det vere familiemiddag i kyrkja, pilgrimsvandring over Sula - frå kyrkje til kyrkje - med ulike stopp undervegs, retreatar, felleskap og samhald. Toril er oppteken av at vi skal ivareta og utvikle kyrkjebygga våre og vil jobbe for eit nytt kyrkjelydshus ved Langevåg kyrkje. At vi byggjer kyrkje og felleskap gjennom eit godt samarbeid mellom ein dyktig stab og frivillige til ulike oppgåver.



FOTO: KLAR! FERDIG! GÅ! - JAN ERIK HOVLAND



## ØYVIND KÅRE SUNDE

NESTLEIAR 2020

Øyvind sit i Kyrkjegardsutvalget, og er derfor interessert i å være med på å planlegge drift og vedlikehald av kyrkjene og kyrjegardane samt jobbe for å få realisert det nye kyrkjelydshuset.



## LISBETH B. HAREIDE

SOKNERÅDSMEDLEM

Lisbeth Båtnes Hareide er medlem av Diakoniutvalget der ho ynskjer å bidra til å gjere ein skilnad i håp om meir empati og omsorg i kvardagen. Det skal bære preg av låg terskel, høgt under taket og god musikk.



## STINE M. LERHEIM

SOKNERÅDSMEDLEM

Stine er medlem av Administrasjonsutvalet og forhandlingsutvalet samt Gudsteneste- og kulturutvalet. Med vervet er det forventning og håp om å kunne få bidra - vere med på å skape ei trygg, open og inkluderande kyrkje.



## MARI K. BLINDHEIM

SOKNERÅDSMEDLEM

Mari sit i Gudstjeneste og Barne- og familieutvala. Ho ynskjer at alle skal få tilhørighet og tilknytning til kyrkja. Samt satsing på rekruttering av frivillige og fokus på nytt kyrkjelydshus.



## ABRAHAM HEGGVIK

VARAMEDLEM

Abraham sit i Barne & familie utvalet og i Estetisk utval der han er leiar for sistnemnte. Han ynskjer å være med å leggje til rette for eit godt arbeid blandt ungdommane på Sula.



## HEGE FISKERSTRAND

VARAMEDLEM

Hege Sonja Tusvik Fiskerstrand sit i Gudsteneste og kultur utvalet. Hennes engasjement i soknerådet er større fokus på salmeskatten som held på å bli gløymt - At fleire får lyst til å synge salmar, både unge og eldre.



## ODDMUND J. MÅSEIDE

SOKNERÅDSMEDLEM

Oddmund er prest og tidlegare sokneprest i Sula og var misjonær i Bangladesh for Santalmisjonen/ Normisjon (1973-97). Han sit også i Diakoniutvalet og har spesielt ansvar for misjon.



## OLAV HOFF

SOKNERÅDSMEDLEM

Olav har vore medlem i soknerådet i fleire periodar og vart attvald i 2019. Han er no leiar i Diakoniutvalet som har vore hans utval fleire periodar. Olav er oppteken av å auke den frivillige deltakinga i det diakonale arbeidet i kyrkjelyden.



## ANNE-BERIT SALEN

SOKNERÅDSMEDLEM

Anne-Berit er oppteken av innhald i gudstenestene og kyrkjemusikken og at folk skal kjenne seg heime i kyrkja i Sula. Vi må og ta vare på kyrkjene og gravplassane våre samt det nye kyrkjelydshuset som kjem i Langevåg.



## ANDERS GRYTTE

BISKOPENS REPRESENTANT

Anders er sokneprest i Sula sokn og er Biskopens representant i soknerådet. Han sit i Arbeidsutvalet, Gudsteneste - og kyrkjemusikk utvalet og Diakoniutvalet.



## ANNBJØRG JARNES

KOMMUNAL REPRESENTANT

Annbjørg sit i Kyrkje og kyrkjegardsutvalet samt Estetisk utval. Ho brenn for nytt kyrkjelydshus i Langevåg, vedlikehald av kyrkjene og belysning på kyrkjegardane. Eit høgt ynskje er at kyrkjene blir nytta meir av fleire.



## JAN ERIK HOVLAND

SOKNERÅDSSEKRETÆR

Jan Erik arbeidar som kyrkjevevjer i Sula sokn. Han sit i Arbeidsutvalet, Administrasjonsutvalet og Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet.



**Møte i soknerådet** Soknerådet har i 2019 hatt 10 møter og har handsama 57 saker. Soknerådsmøta har stort sett vore haldne i eit av møteromma i rådhuset, men nokre møte vart haldne i Indre Sula kyrkje. I 2019 vart årsmøtet halden 28. april etter gudstenesta i Indre Sula kyrkje.

## Underutval

Soknerådet har oppretta ein del underutval. Vi har vore heldige med å få folk til desse utvala, og vi er glade for den innsatsen som er gjort på dei ymse felta dette året. Nokre av utvala har ikkje hatt så stor aktivitet dette året. Av utval kan vi nemne:

- Administrasjonsutval
- Arbeidsutval
- Forhandlingsutval
- Diakoniutval
- Undervisningsutval
- Gudsteneste- og kyrkjemusikkutval
- Bygningsutval
- Planutval for kyrkjelydssenter

I tillegg har soknerådet representantar i Kirkens Nødhjelp, Kirkens SOS og Kirkens bymisjon, Møre.

## Soknerådet sitt arbeid framover

Soknerådet vil halde fram med å utvikle dei små og store fellesskapa i kyrkjelyden vår, vere ein ressurs og samarbeidspartnar med andre lag og organisasjonar i kommunen vår, og la kyrkja vere eit samlingspunkt for folk på Sula til fest og høgtid, i sorga sitt teikn, og alle dei vanlege kvardagane i mellom.


Nokre prosjekt vil vi løfte fram. I Langevåg har vi nettopp fått dei første skissene til det som vil bli eit forsamlings- og aktivitetshus for kyrkjelyden vår. Eit kyrkjelydssenter kor små og store grupper kan samlast til mellom anna søndagsskule, konfirmantundervisning, kyrkjekaffi, dåpsselskap og minnesamvær. Kyrkjekontoret er også tenkt plassert her. Ei prosjektgruppe med kommunale og kyrkjelege representantar arbeidar med å ferdigstille teikningane frå Norconsult, og vil presentere dei ferdige skissene for kyrkjelyden ved første høve. Eit stort arbeid med innsamling av midlar vil starte opp i 2020.

I Indre Sula kyrkje vil eit nyvald estetisk utval, underutval i soknerådet, arbeide med planar for å oppgradere kyrkjekjellaren. Det er eit ønske om å gjere salen nede meir attraktiv for same type samlingar som nemnt for nybygget i Langevåg.

Det er også ei von om ferdigstilling av kyrkjegarden i løpet av 2020, samstundes som kommunen vil ferdigstille ei sårt trengt ny parkeringsplass. Vi trur desse prosjekta vil gje eit stort løft til heile området rundt Indre Sula kyrkje.

Bilde, høgre: Gudsteneste, Tusenårsplassen Langevåg – Jan Erik Hovland

“ SOKNERÅDET VIL HALDE FRAM MED  
Å UTVIKLE DEI SMÅ OG STORE  
FELLESKAPA I KYRKJELYDEN VÅR,  
VÆRE EIN RESSURS OG  
SAMARBEIDSPARTNAR





Etter eit spesielt år i 2018 med både ordinasjon og bispevisitas, er vi i 2019 litt nærare normalen sånn statistisk sett.

Statistikk - Nøkkeltal	2015	2016	2017	2018	2019
Døypte born i alt	103	84	87	68	58
Vigsler	11	7	8	9	11
Gravferder	82	81	68	49	60
Saker i soknerådet	44	39	57	53	57
Gudstenester i alt	97	93	89	86	99
Gj. snitt gudst. deltaking	132	142	132	150	120
Totalt deltakarar gudst.	12841	13258	11773	12954	11916
Gudsteneste m/nattverd	56	52	47	46	59
Totalt deltaking nattverd	2765	2716	1904	4634	2629
Snitt-tal natteverd	49,3	52,2	40,5	100,7	44,6
Konfirmantar	100	94	77	82	98
Skulegudst. i kyrkjene	7	7	7	8	6
Klassebesøk i kyrkjene	6	3	3	3	3
Barnehagebes. i kyrkjene	13	13	13	13	14
Besøk i barnehage	2	2	2	2	3
Besøk i skuleklasse	3	3	0	1	5

## TILSETTE I KYRKJELYDEN

### SULA SOKN

#### Ved utgangen av året gjer desse teneste i Sula kyrkjelyd:

- Sokneprest - Anders G. Grytten
- Kapellan - Kirsti Evensen Bjåstad
- Kyrkjetenar - Amy Lee Sode Hansen
- Kantor - Håvard Sveås
- Organist (25%) - Geir Harald Eikrem
- Kyrkjelydspedagog (75%) - Geir Harald Eikrem
- Kateket - Barbro Godø Thomassen
- Konsulent (80%) - Monica Blom-Welle Eikrem
- Diakon - Ingvild Snipsøy
- Kyrkjevevje - Jan Erik Hovland

Parkavdelinga i kommunen utfører det praktiske arbeidet på kyrkjegardane. Geir Harald Eikrem og Jan Erik Hovland har hatt periodar med foreldrepermisjon i 2019. I tillegg har nokre andre i staben hatt ønskje om å jobba noko redusert. For å dekke noko av dette har i periodar Halldis Bjerkvik Volle og Lars Håvard Eikrem vore tilsett i vikariat i varierende prosent i konfirmantarbeidet og i trusopplæringa.

## KYRKEBYGG OG KYRKJEGARDAR

SULA SOKN

**Kyrkjene våre er i generell grei stand, sjølv om vi ser at fleire større vedlikehaldsprosjekt må takast i åra som kjem. 2019 har vore eit år med små og store oppgraderingar, fleire finansiert av pengegåver til kyrkjene.**

**I Langevåg kyrkje** har vi i 2019 fått fjerna soppen i trapperommet ned til kjellaren og lagt på nokre strøk med maling. Det vert no tatt grep for at det ikkje skal bli så fuktig og rått i det rommet.

I september vart det i samband med jubileumskonserten til Magnar Grøndal gjeitt nye scene-element og kor-tribune til kyrkja. Dette vil legge til rette for enda fleire kjekke stundar i kyrkja med song og musikk, og gjere det betre for liten og stor å sjå alt som skjer framme i kyrkja.

**I Indre Sula kyrkje** har vi investert i eit nytt kjøleskap på kjøkkenet nede, og eit kombi-kjøleskap og ny oppvaskmaskin oppe. Før jul fekk vi også, med økonomisk støtte frå kyrkjeringen og dugnadsinnsats frå Musikklaget Ekko, moglegheit til å oppgradere lyssystemet i kyrkja. Vi har no LED-belysning som kan dimmast og spot-lys som gir betre lys til kveldsgudstenester og konsertar.

Tusen takk for gåvene som er gjevne.

Bilder øvst, høgre: Langevåg kyrkje og Indre Sula kyrkje - Øyvind Kåre Sunde - oksfoto.no  
Plantegning høgre: Utviding - og rehabiliteringsplan ved Indre Sula kyrkjegard.




## Kyrkjegardane

Folket på Sula er flinke til å ta vare på gravstadane sine, og gravplassane er godt tatt vare på av parkavdelinga i kommunen.

Første fase av arbeidet på Indre Sula kyrkjegard er ferdig. Det har vore arbeida med å ferdigstille teikningane for søknad til bispekontoret og utlysning av anbudskonkurranse for utviding og rehabilitering av gravfelta. Det vert no også laga ei namna minnelund for urner her. Det vidare anleggsarbeidet vert starta opp nærare sommaren 2020.

I 2019 starta vi opp arbeidet med å digitalisere gravkarta på Sula. Dette vil gjere det enklare for publikum å finne dei konkrete gravene, og vil vere til stor hjelp for arbeidarane på kyrkjegarden. Arbeidet er forventa ferdigstilt i løpet av april.







FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

Vi er takksame for at vi har så gode medarbeidarar som vi har i kyrkjelyden vår. Utan deira innsats hadde vi nok ikkje fått utført så mykje godt arbeid som vi har fått gjort.

- « Vi vil rette ei spesiell takk til alle frivillige medhjelparar i gudstenester, råd og utval, kyrkjevertane, til dykk som lagar til kyrkjekaffi, og til alle andre som på ein eller annan måte gjer ein innsats i kyrkjelyden vår.

Illustrasjonsfoto: unsplash.com

## DIAKONI

### SULA SOKN

«DIAKONI ER KYRKJA SI OMSORGSTENESTE. DEN ER EVANGELIET I HANDLING OG BLIR UTTRYKT GJENNOM NESTEKJÆRLEIK, INKLUDERANDE FELLESSKAP, VERN OM SKAPARVERKET OG KAMPEN FOR RETTFERD»

(PLAN FOR DIAKONI, 2007)

Diakoniarbeidet vert gjennom Plan for diakoni delt inn i fire satsingsområde som vi utarbeidar lokale planar for og har som hovudmål for arbeidet vårt i Sula kyrkjelyd.

### Nestekjærleik

Diakoniutvalet har i 2018 planlagt og gjennomført 2 gudstenester. Dette er gudstenester der diakoni er spesielt tydeleg. På 2.pinsedag, i starten av juni vart det arrangert friluftsgudsteneste på tusenårsplatsen. Dette er ei friluftsgudsteneste som legg til rette for at bebuarane på Sulatunet skal kunne delta på. Blessing deltok på gudstenesta og etterpå inviterte vi til kyrkjekaffi med pølsegrilling utanfor Sulatunet og kaffi og kaker inne i kantina.

Diakoniutvalet var også aktivt med på gjennomføringa av minnegudsteneste i Langevåg kyrkje, som var på søndag i romjula. Her les vi opp namna og minnes alle som har vorte gravlagde frå kyrkjene våre siste året.

Både prestane og diakon har hatt heimebesøk i 2018. Vi har også hatt institusjonsandakt kvar tysdag på Sulatunet og annan kvar tysdag på

dagsenter for eldre og Erindringscenteret. Dette er eit samarbeid mellom prestane i Sula kyrkjelyd og pastor i frikyrkja etter ein oppsett turnus. Det vart halde to gudstenester m/nattverd på Sulatunet dette året, dette var 2.påskedag og 2.juledag. Dette er viktige diakonale tilbod og vi er glade for eit godt samarbeid med institusjonane i kommunen.

Kyrkja er også representert i tverrfaglege samarbeid med ulike kommunale instansar. Diakon og sokneprest er kyrkja sine representantar i den kommunale kriseleiinga og kommunen sitt psykososiale kriseteam. Diakonen er også med i kommunen sitt team rundt arbeidet med BAPP-grupper for barn. Dette er samtale og gjeregrupper for barn og ungdom med foreldre med utfordringar knytt til psykisk sjukdom eller rus. Diakonen hadde i 2019 ikkje ansvar i forhold til gjennomføring av desse gruppene.

### Inkluderande felleskap

Kyrkjeklubben er ei tilrettelagt samling for psykisk utviklingshindra, og dei har samling ca ein gong i månaden i Langevåg kyrkje. Vi hadde 10 samlingar dette året. På samlingane brukar vi å vere mellom 20-30 personar inkludert

**MISJONSPROSJEKTET  
VÅRT I SULA SOKN ER  
KYRKJELYDSPLANTING OG  
BYGGING AV TO KYRKJER I  
SAKU OG MUSTAME  
I ESTLAND.  
MISJONSFORENINGA  
ESTER ARBEIDER  
SÆRSKILT FOR DETTE  
PROSJEKTET.**

frivillige og assistentar. Vi har ei samling med song, musikk og andakt før vi deler oss i grupper med aktivitetar etterpå. Samlinga vert avslutta med at vi et kveldsmat saman.

Hausten 2018 vart det starta språkkafe på Sula. Vi hadde samling ein gong i månaden på biblioteket. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja, biblioteket og Langevåg Røde kors. Dette er eit tiltak som har blitt drive vidare i 2019. Hausten 2019 blei det trappa opp til å vere annakvar veke etter ynskje frå dei som nytta seg av tilbodet. Samlingane er på biblioteket og er eit godt integreringstiltak i Sula.

Vi har i 2019 stort sett hatt kyrkjekaffi etter gudstenestene våre. Dette er frivillige i kyrkjelyden som har teke ansvar for, men vi treng fleire som vil vere med å lage til kyrkjekaffi etter gudstenesta. Dette er eit viktig diakonalt tiltak for å skape eit hyggeleg fellesskap for dei som går på gudsteneste. Ta gjerne kontakt om dette er ei teneste du kan tenkje deg å bidra med.

**Vern om skaparverket og  
Kampen for rettferd**


Misjonsprosjektet vårt i Sula kyrkjelyd er kyrkjelydsplanting og bygging av to kyrkjer i Saku og Mustamäe i Estland. Kyrkjelyden vår har i 2019 gjennom ofringar på gudstenester (10 ofringar i 2019), misjonsforeininga Ester og privat givarteneste samla inn 66 364 kr til misjonsprosjektet.

Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon er eit anna stort diakonalt tiltak i kyrkjelyden vår. Her er ein med å gjere ein forskjell for dei som har minst. Arbeidet med at fleire skal få tilgang på reint vatn har dei siste åra vore satsingsområdet for Fasteaksjonen. I 2019 samla vi inn 93038 kr gjennom offer, bøsser og vipps. I 2019 var det fleire udekte roder enn tidlegare. For å klare å dekke alle rodene treng vi fleire bøssebærarar. Konfirmantane våre gjer ein stor innsats på Fasteaksjonen, men dette er heile kyrkjelyden sin aksjon og vi er avhengige av bøssebærarar utanom konfirmantane våre for å dekke alle roder.

**Diakoniutval og framtidsplanar**

Diakoniutvalet i Sula sokn består av Olav Hoff (leiar), Heidi Vold, Jorid Strømmland, Rigmor Matvik, Lisbeth Båtnes Hareide, Toril Petrine Solevåg og Oddmund Måseide. Frå staben er diakon Ingvild Snipsøy og sokneprest Anders Grytten med i utvalet.

Utvalet vil i 2020 arbeide for at eksisterande tiltak vert gjennomførte. Utvalet ynskjer å drive det diakonale arbeidet framover og kanskje skape nye arenaer for ulike fellesskap i kyrkjelyden vår. Vi ynskjer at kyrkja på Sula skal vere ein plass for alle med ulike typar arrangement og fellesskap. Nye arrangement som utvalet ynskjer å arbeide vidare med er pilgrimsvandring på Sula, arrangere retreat og vere synlege i lokalsamfunn gjennom ulike samarbeid med lokale foreiningar og organisasjonar.



01: Mustamäe Maria Magdalena kyrkja i Mustamäe Estland. Kyrkjebygget er reist og deler av bygget er tatt i bruk.

02: Kirkens Nødhjelp fasteaksjon. Konfirmantane er med å går med bøsser.

03: Kyrkjebygget i Saku, Estland. I desember 2019 var hovudbygget reist, tett og ferdig utvendig. Begge kyrkjene i Saku og Mustamäe treng støtte vidare for å få ferdigstilt kyrkjene. Det er mykje arbeid som gjenstår men fantastisk å sjå framgong.

Illustrasjonsbilder diakoni: Bønn, forbønn, omsorg, empati, språkkafe, Kyrkjeklubb, sorgarbeid, kyrkjekaffi, kriseteam.



« Ein vanleg søndag kan det vere mellom ti og tjue frivillige i sving på formiddag og kveld. På den måten vert det gjenspeila at kyrkja består av menneske som er ulike på mange måtar. Men på grunn av dåpen høyrer vi i lag. Difor er dei frivillige så viktige i kyrkja! »

Sokneprest Anders Grytten



## GUDSTENESTER

SULA SOKN

EIT HOVUDMÅL FOR GUDSTENESTEFEIRINGA ER AT VI SKAL INKLUDERE OG INVOLVERE FLEST MOGLEG SOM DELTAKARAR OG AKTØRAR.

### Gudstenester

Kvar einaste søndag er det mange menneske i sving med å lage gudsteneste, dei fleste er frivillige. Dei deltek som tekstlesarar og liturgar, hjelper til under dåpen, tar imot folk som kyrkevertar, lager til kyrkjekaffe, deler ut nattverd, spelar og syng på «God kveld» i Indre Sula kyrkje, og driv søndagsskule for borna under gudstenestene. Ein vanleg søndag kan det vere mellom ti og tjue frivillige i sving på formiddag og kveld. På den måten vert det spegla at kyrkja består av menneske som er ulike på mange måtar. Men på grunn av dåpen høyrer vi i lag. Difor er dei frivillige så viktige i kyrkja!

« Når mange ulike slags menneske deltek i kyrkja, lagar dei hol i dei etablerte strukturane og det blir enklare for menneske å komme nærare Jesus.

For «profesjonelle» kristne som til dømes prestar kan lett fungere som ein «inste krets» rundt Jesus som andre strevar med å komme forbi. Når mange ulike slags menneske deltek i kyrkja, lager dei hol i dei etablerte strukturane og det blir enklare for menneske å komme nær Jesus.

### Undervisning og samtale

I fastetida 2019 arrangerte gudstenesteutvalet samling ein gong i veka kor vi saman las Markusevangeliet. I haust starta vi med månadlege samlingar vi kalla «Noko å tru på». Dei er ei blanding av undervisning og samtale. Desse samlingane held fram.


### Salmeskatt i fastetida

I år vil gudsteneste og kulturutvalet særlig fokusere på salmar. I fastetida i år blir det derfor salmekveldar. Vi håper å få gjort mykje for å ta vare på songgleda i soknet og gjere salmeskatten meir kjend.



Bildekollage, venstre: Fotokollage frå arbeidet i begge kyrkjene, kyrkjekontoret  
Bilde øvst til høgre: Nattverdiskø med glimt i auge. Foto: Toril Petrine Solevåg  
Bilde høgre side: Illustrasjonsbilde, salmeskatt. Foto: Eide forlag





PÅ BABYSONG FÅR BARNET HØVE TIL Å UTTRYKKE  
OG UTFALDE SEG MUSIKALSK. MÅLET ER Å SKAPE  
EI FELLES OPPLEVING GJENNOM Å LEIKE, SYNGE,  
PRATE OG UTFORSKE SAMAN.

Kvar tysdag samlast mange barn og foreldre i Indre Sula kyrkje til babysong, leik og trivsel. Dette er eit tilbod som blir satt stor pris på av både store og små. Her lærer vi enkle songar med kristent innhald, samt kjente og nye barnesongar og regler, og etter songstunda et vi lunsj saman.

Velkomen til babysong!

BABYSONG

FOTO: BABYSONG, FOTO - BO MATHISEN



# TRUSOPPLÆRING

SULA SOKN

## Konfirmantarbeidet

**Våren 2019 vart i alt 98 - 9.klassingar konfirmerte. Dei var fordelt på gruppene Film, Klubb, Friluft, KRIK, Medleider og Leir**

For det nye kullet som skal konfirmerast 2020 forandra vi påmeldinga slik at det skulle bli mogleg for alle å søke om leir. Det fungerte bra, og vi fekk 32 på leir og resten av kullet på 88 konfirmantar på Basic-opplegget. Dei gruppene som vart starta opp frå hausten var Film, Friluft, Aktiv (tidligere KRIK) og Medleider (er med som leiarar på Lys Vaken og Tidsreisa). Nytt av året var Ten-sing konfirmant. Det er ei gruppe som følger Tensing sine øvingar, og som har noko undervisning i tillegg. Vi håper at det kan bli enda fleire neste år som vel dette. Dei som, av ulike årsaker, har utfordringar med å møte på samlingar får tilbod om å vere nettkonfirmant via Sjømannskirka sitt opplegg. Alle konfirmantane skal vere medhjelpar i ein gudsteneste i løpet av året. I november var alle konfirmantane med på Cup i Sparebanken Møre Arena i lag med andre konfirmantar frå distriktet.

På leir i haust hadde vi med 8 ungdomsleiarar, 2 frå 10.klasse og resten på vidaregåande trinn. Dei hadde to samlingar før leir, og ei etter. Ein kjempeflott gjeng å reise på leir med! Av dei ansatte var Kirsti, Ingvild, Lars Håvard og Barbro med. Vi har undersøkt muligheten for å tilby leir også i vinterferien. Orrneset er førebels oppteken då, men det kan vere moglegheit for å leige der lenger fram i tid. Dette er noko det vil bli jobba med vidare.


Ellers ser vi at det hadde vore veldig flott om kjelleren på indre vart oppgradert slik at det blir meir koseleg å ha samlingar der, til dømes for ungdommane.



01



02



03



04

Bilde 1: Undervisning i det fri

Bilde 2: Buldring med friluftsgruppa

Bilde 3: Fritid og bading i oktober 2019

Bilde 4: Cup i Sparebanken Møre Arena

Illustrasjonsfoto, konfirmantar. Foto: Bo Mathisen



## Trusopplæringstiltak

### 1.klassebok i januar

1.klassebok er eit tiltak som har lange røter i kyrkjelyden, og oppmøte er jamt bra. Vi har ein samling og ein gudsteneste i Indre Sula kyrkje, og ein samling og ein gudsteneste i Langevåg kyrkje. I 2019 var det til saman 39 1.klassingar innom på samling og/eller gudsteneste.

Det har også blitt ein tradisjon at Blessing opptrer på begge gudstenestene: det har vist seg å vere ein godt rekrutteringsarena for koret.

### Tidsreisa

Tidsreisa er eit tiltak som vi har produsert heilt på eiga hand, og det er vi stolte av. Det er mange 6. klassingar som får vandre gjennom påskehistoria kvart år; i 2019 var det 27 deltakarar.

Sidan det tar nesten to dagar å rigge til dette tiltaket, har vi bestemt at vi frå 2020 har Tidsreisa for både 5. og 6. klassingar annakvart år.

### Tårnagent

Tårnagent er ein av «veteranane» i trusopplæringa og har vanlegvis 40+ deltakarar. I 2019 prøvde vi å legge Tårnagent til etter konfirmasjonen. Det førte til at vi krasja med ein fotballcup, så antal på deltakarar var litt lågare enn vanleg (28 stk.).

Tanken om å flytte nokre tiltak til seint mai/tidleg juni er god, men faren for å bli dobbeltbooka med andre aktivitetar er nok større då. I 2020 har vi derfor flytta tiltaket tilbake til helga etter påske.

### Klar! Ferdig! GÅ!

Denne oppstarts-gudstenesten i haustsemesteret er blitt ein tradisjon. Her er veldig mange frivillige involvert, og det er veldig kjekt. I år prøvde vi noko nytt med å invitere 2.klassingar i staden for 5.klassingar, i tillegg til 5-åringar. Dette fungerte godt. 2.klassingane vil og bli invitert til påskeverkstad til våren, som er nytt tiltak. I år fekk vi låne Popcorn-maskina til Devold-fabrikken til stor glede for mange.



Øvst: Søndagsskuleborn  
Midt: Tårnagenter. Foto: Minna Suojoki. Nedst: Blessing. Klar! Ferdig! GÅ! 2019. Foto: Toril P. S.

Øvst: Kyrkjerottene teater  
Midt: Lys Vaken.  
Foto: Andreas Buarø  
Nedst: Leiarar søndagsskulen

### 4.klasse i oktober

I november inviterte vi 4. klassingar til gudsteneste og to samlingar i Indre Sula kyrkje. Dei fekk utdelt boka Bibelen – Ei vandring gjennom den store forteljinga. 16 stk. kom på samlingane.

### 4-årsbok i november

I år hadde vi tilsaman 39 - 4-åringar på samling i Langevåg og Indre Sula kyrkje. Nytt i år var at vi hadde invitert teaterframsyninga «Kirkerottene» på besøk til samlinga søndagen. Dette er eit teater som har blitt til gjennom Trusopplæringsreforma, og dei reiser rundt i heile Noreg med framsyningar. Dette vart ein stor suksess med full kyrkje, og vi tenkjer at vi vil invitere Kirkerottene tilbake hausten 2021.

### Lys Vaken

Lys Vaken gjekk som vanleg av stabelen første helga i advent. 27 - 6. klassingar var med. Litt mindre enn normalt. Usikker på kva som var grunn til det, men vi veit at det i alle fall kolliderte med handballcup i Langevåg.

### Søndagsskulen

Det nye og veldig spennande prosjektet i år er oppstart av Søndagsskulen. Vi har no med ni vaksenleiarar. Ønsket har vore, og er framleis, å ha søndagsskule på alle gudstenestane, bortsett frå i sommarferien og i juleferien. Dei søndagane det til dømes er konfirmasjon eller anna som gjer det vanskeleg å ha søndagsskule i kyrkja, ønsker leiargruppa å invitere til alternative samlingar som turar eller liknande. I vår hadde vi avslutning med grilling og hoppeslott etter gudstenesten i Indre Sula kyrkje. I august deltok nokre av leiarane på Leiar kurs på Frikirka, i regi av Søndagsskulen regionalt. Seks barn var også med på leiaruttrekket SLUSH. Det er ønske om å bruke desse som hjelpeleiarar inn i søndagsskulen. Leiarane ønsker også å samlast til vaksenfelleskap heime hos kvarandre på kveldstid. Det er ikkje til å stikke under ein stol at eit nytt kyrkjelydssenter hadde gjort vilkåra for å drive søndagsskulen veldig mykje lettare. Då kan vi dele opp i fleire aldersdelte grupper og ha fleire aktivitetar. Karen Marie Hovland tok frå januar 2020 over som hovudleiar.



## TRUSOPPLÆRING

### Korarbeid

**I Sula sokn har vi tre kor som fell under trusopplæringa: Blessing, Bigbless og Tensing.**

#### Barne - og tweens kor

Blessing (barnekor frå 2-5 klasse) og Bigbless (Tweenskor frå 5-7 klasse) er fortsatt i godt gjenge, og har verkeleg satt seg som eit godt tilbod for barn og unge. Vi merkar avskaling oppover i årstrinna slik dei fleste andre fritidstilbod også gjer, men godt med påfyll av nye 2.klassingar gjer at vi ligg stabilt på mellom 30 og 40 stykker til saman for dei to kora. Høgdepunktet i 2019 var kanskje felleskonsert i lag med Rejoice på Misjonssalen i mai. I tillegg er kora ein viktig bidragsyter på ulike gudstenester gjennom året.

#### Tensing

Hausten 2019 starta vi også opp Ten Sing-kor igjen på Sula. Etter nesten 20 år utan kortilbod til denne aldersgruppa (13-19) var det med stor glede (og spenning) at vi lanserte dette tilbodet. Og det har vore ei stabil gruppe på 14 stk. som har vore med igjennom hausten, 3 av dei konfirmantar. Vi har stor tru på at dette vil vekse til eit stort og godt arbeid etter kvart som det blir meir kjent. Det er også gledeleg at det er ei flott og engasjert vaksengruppe rundt koret. I løpet av 2020 skal ungdommane få konstituert eit styre slik at dei litt etter litt tar over styringa av koret sjølv.

Bilde, øvst høgre: BigBless syng under `Klar! Ferdig. Gå!` hausten 2019.

(Foto: Ingvild Snipsøy)

Bilde nedst høgre: TenSing Illustrasjonsbilde. Foto: kfuk-kfum.no/tensing

Lite bilde høgre: Engel frå barnehagehender står fint og pyntar kyrkjene til jul



### Skule og barnehagar - kyrkjesamarbeid

Som tradisjonen er på Sula hadde vi påskevandringar for alle førskulebarna på Sula før påske. Dette er det god oppslutning om, og samarbeidet med barnahagane er veldig positivt. Vi var og på besøk i Måseide og Hatlebakken før påske. Før jul gjennomførte vi julevandringar for førskuleborna, og gudstenester for alle barnehagane.

#### Barnehagane lagar englar som vi pynter kyrkjene med til jul.

I 2019 valde Solevåg skule å ikkje kome til påsegudstene i Indre Sula kyrkje. Måseide valde å halde fram med tradisjonen i alle fall dette året. Vi er dialog med dei med tanke på 2020. Før jul var alle skulane på julegudstene. Elles har kantoren hatt besøk av nokre skuleklasser i kyrkja. Dette ynskjer vi meir av, og kateketen vil jobbe med å nå ut til alle lærarane om dei ulike tilboda vi har å tilby. Vi ynskjer å vere ein ressurs for skulane på deira premiss.





## KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

SULA SOKN

I 2019 HAR DET MELLOM ANNA VORE KONSERTAR I KYRKJENE VÅRE MED SULA KULTURSKULE, NATUREN SYNG, VOXING, JULETURNÈEN «VÅR JUL» MED MELLOM ANNA CHRISTIAN INGEBRIGTSEN OG MARIA ARREDONDO OG DEI TRADISJONELLE JULENATTINÈANE TIL EKKO OG SCALA BRIO.

**I kyrkjelyden** sin eigen regi har det vore musikalske messer med m.a. koret Von Dess og Kåre Nymark jr. Dei musikalske messene held fram med å trekkje tilhøyrarar til kyrkja som kanskje ikkje heilt har funne plassen sin i den vanlege høgmissa. Det er kjekt at vi får med fleire solistar og musikarar på denne måten! Tradisjonen tru var Sula Trad band med på 1. juledags-gudstenesta med svingande tradjazz til glede for kyrkjelyden. Koret Voxing har og teke del i nokre av gudstenestene våre.

“ **Forsongargruppa i kyrkjelyden var med på nokre gudstenester, og det blei påpeika frå fleire i benkane at det ga eit ekstra løft når forsongargruppa drog til med litt diskantstemmer og anna musikalsk krydder.**

Til barnehage- og skulegudstenester har ein del av julesongane vi brukar blitt spelt inn, slik at ungene har høve til å øve til songane med aktuelle vers på rett målform.

### Korarbeid

Barnekora Blessing og Big bless spreier glede når dei deltek i gudstenestene, meir om dei finn du i avsnittet om trusopplæring. Det blir òg spanande å følgje med på utviklinga framover til det nye Ten Sing-koret som starta i haust.

### Framover ynskjer kantoren:

- At enda fleire vil bli med i forsongargruppa
- Å trekkje inn fleire kor og solistar frå Sula og omegn i gudstenestene
- Å vidareføre dei musikalske messene på eit godt kunstnarisk nivå
- I samarbeid med dei andre tilsette gjere grep som bevarar salmeskatten også mellom dei yngre generasjonane
- Å legge til rette for at kyrkja er rom for gode kulturopplevingar, og at folket på Sula kjenner at kyrkja er aktuell for dei
- Å arbeide for at dei eldre på øya får ta del i kulturopplevingar gjennom andakter, konsertar og andre arrangement både i kyrkjene og på eldreinstitusjonane
- At barnekora og Ten Sing-koret framleis får gode rammer og kan nyttast til å løfte kyrkjelyden med song og sjarm



01



02



03



04

01: Sula Trad. Band. Foto: Håvard Sveås  
02: Forsangergruppa i Langevåg kyrkje  
03: Naturen Syng, Breisundet. Foto: Øyvind Kåre Sunde - oksfoto.no  
04: Kantor Håvard Sveås under gudsteneste i Langevåg kyrkje



# ØKONOMI

REKNESKAPEN ER FØRT OG AVSTEMT AV ØKONOMIAVDELINGA I  
KOMMUNEN, OG VART FASTSATT I SOKNERÅDET.



## Resultat

Rekneskapen er avslutta i balanse etter strykning av kr. 24.391 av budsjettert inndekning av meirforbruk 2018. Dvs at meirforbruk 2018 har ein rest som må dekkast inn i 2020.

## Kommunen sitt tilskot

### Drift:

Kommunen sitt tilskot til fellesrådets drift er kr 4.281.000.

Tilskotet dekker drift av den lokale kyrke og kyrkjegardane i kommunen. Fellesrådet bestemmer korleis midlane skal brukast.

Det er vidare inngått avtale om tenesteyting med Sula kommune som dekker drifts oppgåver på:

Merkantile oppgåver og

leie av kontorlokalar: kr 120.000

Drift/vedlikehald kyrkjebygg kr 59.275

Gravplass kr 719.444

**Til saman kr 898.719**

### Investering:

Det er ikkje bokført investeringar i soknerådet sitt rekneskap. Arbeid på Indre Sula gravplass vert utført av kommunen og overført når arbeidet er ferdig. Der er utført arbeid for kr. 2.175.063 i 2019 og totalt kr. 3.887.860.

Foto, høgre side: Solavågen, Eidsneset - Øyvind Kåre Sunde - oksfoto.no

## Lønn / Personal

Lønn og personalutgifter	2019	2018
Består av følgende poster:		
Lønninger og honorarer	3 835 786	3 518 718
Pensjonsutgifter	572 238	495 442
Arbeidsgiveravgift	591 830	536 702
Andre lønnsutgifter		
Sum lønns- og personalutgifter	4 999 854	4 550 862
Gj. snittlig antal ansatte	7,0	7,0
som utfører gj. snittlig årsverk	6,8	6,8

Ansatte og årsverk er faste stillinger

Alle tilsette er tilknytt felles kommunal pensjonsordning i samsvar med tariffavtale i KA tariffområde. Tilsette betalar 2% av løna i premie. Det vart betalt kr. 22.386 i eigenkapitalinnskot til KLP i 2019.

## Spesifikasjon over fond pr. 31.12.19:

Bundne driftsfond		
Sula Sokneråd	IB	138 781
Bruk av fond		-16 653
14/2019 overført fra Sorgarbeid		46 330
251080500	<b>UB</b>	<b>168 458</b>
Barne & ungdomskantori	IB	26 757
Bruk av fond		-21 655
251080501	<b>UB</b>	<b>5 102</b>
Diakonifond	IB	54 660
Bruk av fond		-1 498
251080503	<b>UB</b>	<b>53 162</b>
Sorgarbeid / sokneråd	IB	46 330
14/2019 overført til Sula sokneråd		- 46 330
251080505	<b>UB</b>	<b>0</b>

Indre Sula kyrkje	IB	16 861
Bruk av fond		- 11 514
14/2019 overført frå kap. fond Indre Sula		11 501
251080506	<b>UB</b>	<b>16 848</b>
Kyrkjemusikk	IB	64 734
Avsett		17 483
251080507	<b>UB</b>	<b>82 217</b>
Trusopplæring	IB	538 889
Bruk av fond		-137 550
251080508	<b>UB</b>	<b>401 339</b>
Menighetshus / Orgel	IB	2 320 925
Avsett		178 764
251080509	<b>UB</b>	<b>2 499 689</b>
Gravfond	IB	
Avsett		528 142
251080510	<b>UB</b>	<b>528 142</b>
<b>Sum bundne driftsfond</b>		<b>3 226 815</b>



<b>Bundne kapitalfond</b>		
Indre Sula kyrkje	IB	11 501
14/2019 Overført til drifts. fond. Indre Sula		- 11 501
255080500	<b>UB</b>	<b>0</b>

<b>Disposisjonsfond</b>		
Disposisjonsfond	IB	707 279
Bruk av fond		-366 095
256080502	<b>UB</b>	<b>371 127</b>
<b>Helsedans</b>	IB	29 943
256080500	<b>UB</b>	<b>29 943</b>
<b>Etterutdanningsfond</b>	IB	67 433
256080501	<b>UB</b>	<b>67 433</b>
<b>Kyrkjemusikk</b>	IB	25 000
256080505	<b>UB</b>	<b>25 000</b>
<b>Sum disposisjonsfond</b>		<b>463 560</b>



**JAN ERIK HOVLAND**

KYRKJEVERJE


### **Kommentarar til økonomi:**

Årsrekneskapen visar eit lite meirforbruk (underskot) ved årslutt. Det har vore eit år eg synast vi har brukt ressursane godt.

Det har ikkje vore gjort investeringar i 2019, med unntak av utviding og rehabilitering av Indre Sula kyrkjegard. Dette er eit prosjekt som først i kommunen sitt rekneskap, og skal sidan bli overført til soknet.

Framover vil det bli rom for nokre investeringsprosjekt og i 2020 skal vi mellom anna oppgradere det elektriske anlegget i Indre Sula kyrkje, oppgradere taka over inngangspartia i Langevåg kyrkje, og utbetre problema med kloakk- lukt i preste- og dåpssakristiet i Langevåg kyrkje.

Elles kjenner no mange til planane for nytt kyrkjelydssenter i Langevåg. Det vert eit stor løft for kyrkjelyden og noko vi vonar vil skape inspirasjon og engasjement i arbeidet vårt. Vi treng rom for å møtast på forskjellige måtar, og meir praktiske løysingar for arbeidet vi driv no og skal drive i framtida.



FOR SÅ ELSKA GUD VERDA AT HAN GAV SON SIN,  
DEN EINBORNE, SÅ KVAR DEN SOM TRUR PÅ HAN,  
IKKJE SKAL GÅ FORTAPT, MEN HA EVIG LIV.

JOH. 3, 16

FOTO: ØYVIND KÅRE SUNDE / OKSFOTO.NO



# *Meir himmel på jorda*



Årsmelding Sula sokn

2019